

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 5. november 2014

Frå: Fylkesrådmannen

Søknad om driftstilskot 2014 - FFO Sogn og Fjordane

FFO Sogn og Fjordane søker om eit driftstilskot for 2014 på kr. 400.000,-. I budsjettet er det løyvd kr. 300.000,-. Grunngevinga for søknaden om driftstilskot er at FFO ønskjer å utvide arealet sitt med eit større møterom og 2 kontor. Dette vil gjere det mogleg å stette den auka deltakinga og etterspurnaden som FFO opplever på seminara og på dei sosiale tiltaka.

FFO har søkt om auka løyving med same grunngeving tidlegare, jf. FU-sak 22/12, og fekk då avslag om auka løyving. Avslaget vart den gongen gjeve med bakgrunn i tidlegare vedtak. I samband med handsaminga av budsjettet for 2008 fekk FFO Sogn og Fjordane tilskot til drift av organisasjonen med kr 300.000,-. Dette var ein auke på 100.000 kr som skulle vere med å dekke inn auke i husleige og andre driftsutgifter i samband med etableringa av eit informasjonssenter; FI-senteret. FFO Sogn og Fjordane søkte også om investeringstilskot til FI-senteret. I sak 103/08 i fylkesutvalet, vart det løyvd eit investeringstilskot på 100.000 kr til utstyr i FI-senteret. Tilskotet vart finansiert over posten «FU til disposisjon».

Fylkesrådmannen viser til at det i budsjettet for 2014 er løyvd 300.000 i driftstilskot til FFO Sogn og Fjordane. Det er ikkje dekning i det ordinære budsjettet for auke i tilskotet.

Fylkesrådmannen oppfattar søknaden slik at vi ved ev. å imøtekomme denne må vere innstilt på at det blir forventet auka løyving også for seinare år (større areal).

Kontoen «FU til disposisjon» har pt. disponibelt kr 185.000,-.

Vedlegg: Søknad frå FFO Sogn og Fjordane